



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 18.06.2015
Møtestad: Komferanserommet
Møtetid: 13:15 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Utvalsleiar	
Kristin Nåmdal	SA	Nestleiar	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Gisle Heimly	SO	Medlem	Er svoger til søkjar og deltok ikkje i møte

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Terje Nygard	SO	Varamedlem	Møtte for Gisle Heimly

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	Orienteringssaker
004/2015	Søknad om lån og tilskot til kjøp av lastebil

Notat frå møtet:

NF-møte vart halde rett etter kommunestyremøte.

001/2015: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

003/2015: Orienteringssaker

Behandling:
Det vart ikkje gjeve orienteringar i møte

Vedtak:

004/2015: Søknad om lån og tilskot til kjøp av lastebil

Behandling:
Praksis for liknande saker vart drøfta.

Samrøystes

Vedtak:

Svein Mo AS får eit lån på kr 269 000,- tilsvarande 20 % av investeringa.

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.

Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.

Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flytta frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
